
Saksnr: 2021/2789-1
Saksbehandlar Kathrin Jakobsen
Dato: 27.01.2021

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Søknad om samarbeid mellom UiB og VLFK om praksis i høgare utdanning – Relevant kompetanse for ein region i omstilling - Status

Universitet i Bergen (UiB) ved dåverande rektor Dag Rune Olsen sendte ein søknad til Vestland fylkeskommune 27. oktober 2020 kor dei inviterte til eit samarbeid mellom UiB og Vestland fylkeskommune om praksis i høgare utdanning.

Samarbeidet var tenkt å ta utgangspunkt i ein idé om å tilretteleggje praksis i arbeidslivet i tråd med studenten sin kompetanse og behov og verksemda sine moglegheiter og profil. Prosjektet var forventa å ha ei tidsramme fram til 2025, men målsettinga var at drifta skulle halde fram utover dette og fylle eit nasjonalt tilbod, frå Vestland. UiB ba om at Vestland fylkeskommune bidro med ein årleg sum på 4 millionar kroner i prosjektperioden, og i første omgang for 2021.

Bakgrunnen for denne satsinga er at Regjeringa ønskjer å styrke arbeidslivstilknyttinga til utdanningar som har ei svak arbeidslivstilknytting i dag, inkludert auka bruk av praksis (jf. Høyringsbrev til stortingsmelding om arbeidslivsrelevans i høgare utdanning).

UiB arbeider for tida med ein gjennomgang av arbeidet med prosjektet og ber i brev datert 08.01.21 om at fylkeskommunen avventar handsaminga av søknaden til gjennomgangen ved UiB er slutført (sjå vedlegg).